Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 — Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Mo

Emne: Folkelege Musikinstr. — Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: O. O. Bergland — Gard: Bergland

(adresse): Åmdalsverk — G.nr. 63 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Har aldri höyrt om det.

2. Har ikkje noko kjunskap til det heller.

3. Stavar med kagl i var kjende, men lite i bruk. Andre ringlur var ogso kjende, men sjeldan. Alt slikt vart kalla: Ringlur, ringlestav.

4. Å smella blad i handa, smella papirposar, blomekrunor på smelle og småklokke er gamalt kjent. Det vart smelt mangein smelleblom i hovudet på meg med eg var liten. Leggja glör i åren, verda gladh litt med sykle og slå svint til med ein hamrar, var ofte kvelds-

8835

moro om vinteren før i tia. Det small veldigt some gonger. Dette kalla vi: å slå ko-fis, lang i. „Kan du slå kofis", sa dei vaksne. Some tider var dei og med. Svepesmell og nakaskal var kjent, men mindre brukt. Kofis slo vi dei lange vinter-kveldane medan det brann på skorsteinen. Då var det glør nok å få til det.

5: Har ikkje høyrt noko om det!

Til punkt 4:
Børsor skaut some med helst til jol. Dei kalla det: skjota inn joli. Dette var sikkert ein skikk frå tia dei trudde på joleskreia. Det skulde vel skrama slikt frå hus og folk. Dynamitt er frå seinare tid og so vidt eg veit, ikkje bruka her i bygda.

8835

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING